

NVE  
nve@nve.no



Dykkar ref.: 201700314-2  
Vår ref.: 1350299 / 1

31.03.2017

## Høyringsfråsegn til forslag om endra forskrift om energiutredninger

SFE Nett er utpeika av NVE som ansvarleg for utarbeiding av den regionale kraftsystemutgreiinga for Sogn og Fjordane. Basert på vår erfaring frå dette vil SFE Nett i all hovudsak støtte det framlagde forslaget til forskriftsendring. Forslaget er punktvis kommentert under:

### Ny bestemmelse om å inkludere vurderinger av distribusjonsnettet i de regionale kraftsystemutredningene

SFE Nett ser dette som den viktigaste endringa i forskrifta og støttar forslaget. Dagens R-KSU ordning fungerer etter vårt syn godt. Det er gjennom denne ordninga etablert eit forum for samarbeid. Å vidareutvikle dette til óg å gjelde samarbeid mellom områdekonsesjonærar støttar vi.

Det vil (som NVE og peikar på) være opp til den utgreiingsansvarlege å organisere dette arbeidet. Samfunnsøkonomiske vurderingar på tvers av konsesjonsgrenser må ha ein felles metodikk for å gje relevant informasjon. Foreslår derfor å skifte ut formuleringa «*Det skal også gjøres en forenklet samfunnsøkonomisk vurdering av de aktuelle tiltakene.*» med «*Områdekonsesjonærene skal bistå utredningsansvarlig i en forenklet samfunnsøkonomisk vurdering av de aktuelle tiltakene.*».

### Ny betegnelse av høyeste nettnivå

Ingen merknad

## **Oppheving av bestemmelse om rapportering av komponentdata i grunnlagsrapporten**

SFE Nett støttar NVE sitt forslag til forskriftsendring. Vi har ved fleire høve argumentert for ei slik ordning. Den vil fjerne dagens dobbeltarbeid og etablere ein felles kvalitetssikra informasjonsbase for heile bransjen. Statnett sin Fosweb framstår som ei god plattform og SFE Nett har tillit til at denne vil utvikle seg vidare som ein god informasjonsbase og eit godt verktøy.

## **Ny bestemmelse om pålegg om utredninger av nettmessige konsekvenser**

SFE Nett støttar at slike utgreiingar kan påleggast områdekonsesjonærar. Vi ser derimot ikkje at ein bør skifte ut begrepet kraftsystem med energisystem. Det er kraftsystemet -og spesielt nettet- vi som nettselskap har særlig kompetanse på, ikkje nødvendigvis heile energisystemet. Det er derfor óg viktig at forskriftsteksten er tydelig på at det gjeld nettmessige konsekvensar av spesifiserte endringar.

## **Ny bestemmelse om rapportering av nettkapasitet i hovedrapporten**

SFE Nett praktiserar dette i dag og støttar NVE sitt forslag til forskriftsendring, men vil understreke at kapasitet i eige nett er den aktuelle netteigar sitt ansvar å definere. Det er og ofte umogeleg å gje eit eintydig mål for ledig nettkapasitet for ein kommune, kraftsystemet er ikkje nødvendigvis kommunevis inndelt. Denne rapporteringa må derfor holdast på eit overordna og orienterande nivå, som ikkje kjem i konflikt med dei ulike netteigarane sitt ansvar. Vi ber NVE ta omsyn til dette i sine veiledarar.

## **Ny bestemmelse om Statnetts oppgaver**

Ingen merknad

## **Endret formålsbestemmelse**

SFE Nett støttar NVE sitt forslag til forskriftsendring. Vi ser det vidare som ulogisk å behalde ordet energiutredning i forskriftstittel. Foreslår derfor og å endre denne til «Forskrift om kraftsystemutredninger».

### **Endret bestemmelse om utredningsansvarlig og endret overskrift på kapittel 3**

Eit utvida mandat til å omfatte meir enn regionalnettet er nødvendig, men *regionale kraftsystemutredninger*, som kun avgrensar geografisk blir upresist. Hovedfokus bør være på regionalnettet og koordinering mellom ulike område/nettnivå.

Eit svakt avgrensa mandat, og ein tendens til å skifte fokus frå kraftsystem til energisystem, kan oppfattast som om at ein del av oppåvene i LEU-ordninga no kan påleggast gjennom denne forskrifta. LEU-ordninga fungerte dårleg, ikkje at LEU-ane nødvendigvis var dårlege, men ansvaret som burde ligge på kommunane vart lagt på feil aktør. Dette gav og lite involvering frå mange kommunar.

KSU-ordninga er avgrensa til kraftsystemet og SFE Nett meiner dette er ein viktig suksessfaktor. SFE Nett ynskjer derfor å fokusere på dette. Det er som nemnd kraftsystemet vi som er utgreiingsansvarlege har særleg kompetanse på. Det meir omfattande «energisystemet» har nok NVE sjølv breiare kompetanse på enn det ein kan vente at eit nettselskap har.

### **Endret bestemmelse om krav til innhold i grunnlagsrapporten i transmisjonsnettet**

Ingen merknad

Venleg helsing

SFE Nett AS

(sign.)

Kristen Skrivarvik / Senioringeniør nettförvaltning